

Sakshandsamar:

Kristin Rundsveen
E-post: Kristin.Rundsveen@sfj.no
Tlf.: 90890713

Vår ref.

Sak nr.: 17/4900-6
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Intern t.nr.
24564/17

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 19.06.2017

Svar på spørsmål frå Trude Brosvik om fleksibel skuleskyss

I dag har vi fleksibel skuleskyss på ettermiddag for elevar i den vidaregåande skulen. Elevane kan reise heim frå skulen med tidlegare/seinare bussar dersom det er tilgjengelig. Tilbodet gjeld ikkje kommersielle bussruter.

Det er ikkje fleksibel skuleskyss i grunnskulen. Fleire skular ønskjer at elevane skal kunne nytte seinare bussavgangar heim frå skulen for å kunne delta på utvida skuledagar og fritidsaktivitetar. Vi har ikkje innfridd desse ønskja fordi vi er usikre på konsekvensane. I tillegg meiner vi likebehandling er viktig. Isolert sett kan det kanskje vere mogeleg å innføre fleksibel skuleskyss på Byrknes skule utan at det gir praktiske og/eller økonomiske konsekvensar. På andre skular vil fleksibel skuleskyss kunne utfordre kapasitet og dermed auke kostnadene med skuleskyssen dersom det må setjast opp ekstra kapasitet/produksjon.

For elevane som har rett på skyss ved Byrknes skule, er det alternativt skysstilbod kl. 15.00 og kl. 16.00 til Mjømna og Ånneland. Det er ikkje alternativ skyss til Skjerjehamn og Sande. Slik er det også ved dei andre skulane i Gulen kommune, og i mange andre kommunar i fylket. Det er alternativt skysstilbod for nokre elevar, men ikkje til alle elevane ved same skule.

Det er grunn til å tru at det ikkje vil verte oppfatta som rettferdig/likebehandling at nokon skal kunne reise heim seinare, medan andre igjen må bruke den ordinære skulebussen.

Hovudutval for samferdsle vart orientert om denne saka i møte 14. februar i år. Slik administrasjonen tolka utvalet var det einighet om at vi skal likebehandle elevane og at vi ikkje skal gå vidare med å vurdere konsekvensane av eventuelle endringar i dagens ordning med fleksibel skuleskyss. Samferdsleavdelinga har difor ikkje vurdert dei samla konsekvensane av å endra ordninga.

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Svar på spørsmål frå Trude Brosvik om skuleskyss